



## STORTINGET

# Innst. 131 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget  
frå transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 28 S (2022–2023), Prop. 23 S (2022–2023) kap. 541, 542 og 543 og romartal V  
og Prop. 26 S (2022–2023) kap. 970

**Innstilling frå transport- og kommunikasjonskomiteen om Endringar i statsbudsjettet 2022 under Samferdselsdepartementet, Endringar i statsbudsjettet 2022 under Kommunal- og distriktsdepartementet og Endringar i statsbudsjettet 2022 under Nærings- og fiskeridepartementet**

Til Stortinget

## 1. Samandrag

### 1.1 Samferdselsdepartementet

Samferdselsdepartementet foreslår i Prop. 28 S (2022–2023) nokre endringar i løyvingar mv. for programkategoriane 21.10 Administrasjon m.m., 21.20 Luftfartsformål, 21.30 Vegformål, 21.40 Særskilde transporttiltak, 21.50 Jernbaneformål og 22.10 Posttenester. Det blir òg foreslått endringar i nokre kostnadsrammer under programkategori 21.30 Vegformål.

Det blir i proposisjonen gjort framlegg om endra kostnadsrammer for prosjekt der kostnadane av ulike grunnar er auka. Dette gjeld prosjekta E39 Kristianborg–Bergen sentrum i Vestland, E39 Svevatjørn–Rådal i Vestland, E16 Øye–Eidsbru i Innlandet. Vidare blir det gjort framlegg om fullmakt til å overskride løyvinga for E39 Eiganestunnelen og fullmakt til sal av eigedom knytta til prosjektet E16 Sandvika–Wøyen. Det blir òg gjort framlegg om at løyvinga på kap. 1301, post 70 Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar, får føyd til stikkordet «*kan overførast*», jf. romartalsvedtak.

I proposisjonen blir det i tillegg orientert om tvistesaka mot IBM om nytt sentralsystem for bompengeskjema i Noreg, Grindgut.

### 1.2 Kommunal- og distriktsdepartementet

Kommunal- og distriktsdepartementet foreslår i Prop. 23 S (2022–2023) endringar for løyvingar mv. for fleire programkategoriar. I denne innstillinga blir endringane på kap. 541 IT- og ekompolitikk, kap. 542 Internasjonalt samarbeid og kap. 543 Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit handsama.

I proposisjonen blir det i tillegg gjort framlegg om at løyvinga på kap 541 post 61 Førebygging og handtering av digitale hendingar får føyd til stikkordet «*kan overførast*», jf. romertalsvedtak.

### 1.3 Nærings- og fiskeridepartementet

Nærings- og fiskeridepartementet foreslår i Prop. 26 S (2022–2023) endringar i løyvingar mv. for fleire programkategoriar. I denne innstillinga blir endringane på kap. 970 Kystverket handsama.

## 2. Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Jone Blikra, Kirsti Leirtrø og Nils Kristen Sandtrøen, frå Høgre, Liv Kari Eskeland, Trond Helleland og Erlend Larsen, frå Senterpartiet, Geir Adelsten Iversen, Geir Inge Lien og leiaren Erling Sande, frå Framstegspartiet, Morten Stordalen og Frank Edvard Sve, frå Sosia-

listisk Venstreparti, Mona Fagerås, og frå Venstre, André N. Skjelstad, viser til Prop. 28 S (2022–2023) frå Samferdselsdepartementet der det blir gjort greie for fleire endringsbehov for statsbudsjettet 2022. Komiteen viser også til relevante kapittel innanfor komiteen sitt ansvarsområde i Prop. 23 S (2022–2023) frå Kommunal- og distriktsdepartementet og Prop. 26 S (2022–2023) frå Nærings- og fiskeridepartementet.

Komiteen tar desse til etterretning.

## **2.1 Kap. under Samferdselsdepartementet**

### **2.1.1 KAP. 1300 SAMFERDSELSDEPARTEMENTET**

#### **2.1.1.1 Post 72 Tilskot til samferdselsberedskap**

Det er i 2022 løyvd 3. mill. kroner. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 2,25 mill. kroner, då behovet er lågare enn lagt til grunn ved budsjetteringa.

### **2.1.2 KAP. 4300 SAMFERDSELSDEPARTEMENTET**

#### **2.1.2.1 Post 1 Refusjon frå Utanriksdepartementet**

I 2022 er det budsjettert med 0,5 mill. kroner i refusjon frå Utanriksdepartementet. Departementet foreslår å auke budsjetterte inntekter med 187 000 kroner. Samferdselsdepartement har for 2022 betalt 4,3 mill. kroner i kontingent til Verdspostforeninga. 16 pst. av dette, som utgjør 687 000 kroner, blir dekt av Utanriksdepartementet.

### **2.1.3 KAP. 1301 FORSKING OG UTVIKLING MV.**

#### **2.1.3.1 Post 70 Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar**

Komiteen viser til at ordninga blei oppretta i 2022, og at departementet i proposisjonen viser til at det er uvisse om alle tilskott vil bli utbetalt i 2022. Komiteen viser til at departementet derfor i proposisjonen foreslår at løyvinga på kap. 1301 post 70 Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar får føydd til stikkordet «*kan overførast*», jf. forslag til romartalsvedtak.

Medlemene i komiteen frå Høgre merkar seg at det tek tid å få i gang pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar, jf. tilskotsordninga som vart oppretta i 2022, og støttar at desse midlane kan overførast. Vidare viser desse medlemene til forslag vedtatt i budsjettdebatten 1. desember 2022, der kriteriet for kap. 1301 post 70 «fossilfrie anleggsplassar» vart endra til «utslippsfrie anleggsplassar», samt at det skal vurderast

korleis omfanget av utslippsfrie anleggsplassar kan aukast. Desse medlemene legg til grunn at det framleis er pilotprosjekt det her vert referert til, og at det er dette som er omfatta av budsjettposten.

### **2.1.4 KAP. 1310 FLYTRANSPORT**

#### **2.1.4.1 Post 70 Kjøp av innanlandske flyruter**

I 2022 er det løyvd 938,5 mill. kroner. Departementet foreslår i proposisjonen å redusere løyvinga på posten med 120,3 mill. kroner. Mellom anna fordi det ikkje er gjennomført mellombels flyrutekjøp i 2022 og betaling av meirkompensasjon blei avslutta frå 31. mars 2022, er behovet mindre enn løyvd.

### **2.1.5 KAP. 4313 LUFTFARTSTILSYNET**

#### **2.1.5.1 Post 1 Gebyrinntekter**

I 2022 er det budsjettert med 162,7 mill. kroner i gebyrinntekter. Etterspørselen har vært lågare enn antatt, og departementet foreslår å redusere løyvinga med 21,6 mill. kroner.

### **2.1.6 KAP. 1320 STATENS VEGVESEN**

#### **2.1.6.1 Post 1 Driftsutgifter**

Det blir i proposisjonen orientert om at staten har anka lagmannsretten sin dom av 14. oktober 2022 i saken mot IBM AS om å levere eit nytt sentralsystem for bompenggeinnkrevjing – Grindgut.

#### **2.1.6.2 Post 22 Drift og vedlikehald av riksvegar**

I 2022 er det løyvd 8 271,0 mill. kroner. Departementet foreslår i proposisjonen å auke løyvinga med 180 mill. kroner. Dette kjem av at prisstiginga på inngåtte drift- og vedlikehaldskontraktar har vore betydeleg høgare enn rekna med.

#### **2.1.6.3 Post 28 Trafikant- og køyretøytilsyn**

I 2022 er det løyvd 2 222,8 mill. kroner. Departementet foreslår i proposisjonen å redusere løyvinga med 30 mill. kroner., som mellom anna går til å dekke inn meirbehov på kap. 1320 post 22.

#### **2.1.6.4 Post 29 OPS-prosjekt**

I 2022 er det løyvd 1 828,4 mill. kroner. Departementet foreslår å auke løyvinga med 19 mill. kroner mot ein tilsvarande reduksjon av løyvinga på post 30 Riksveginvesteringar. Meirbehovet gjeld i hovudsak høgare utgifter på grunn av lønns- og prisstiging i kontrakten med OPS-selskapet på E39 Klett–Bårdshaug i Trøndelag for tiltak i fem tunnelar.

#### **2.1.6.5 Post 30 Riksveginvesteringar**

Komiteen viser til at det i 2022 er løyvd 12 602 mill. kroner, og at departementet i proposisjonen fore-

slår å redusere løyvinga med 169 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på post 22 Drift og vedlikehald av riksveggar, post 29 OPS-prosjekt og ny post 36 E16 over Filefjell. Vidare foreslår departementet å føye til stikkordet «kan nyttast under post 36». Vidare blir det forslått å gi fullmakt til å overskride løyvinga med inntil 400 mill. kroner for å dekke eventuelle utgifter til erstatning i prosjektet E39 Eiganestunnelen ved rettskraftig dom i 2022, og fullmakt til å selje fast eigedom i samband med prosjektet E16 Sandvika–Wøyen. Det blir også foreslått å auke kostnadsramma i prosjekta E39 Kristiansborg-Bergen sentrum i Vestland og E39 Svevatjørn–Rådal i Vestland.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Framstegspartiet merkar seg endringar på denne budsjettposten. Spesielt merkar desse medlemene seg at E39 Svevatjørn–Rådal i Vestland treng auka kostnadsramme som er grunngeve med at kostnadane har auka tett innpå tidspunktet for opning av vegen, og at handlingsrommet for å redusere kostnadane då er svært avgrensa. Desse medlemene meiner at dette er ei form for kostnadsstyring som på generelt grunnlag bør bli gått gjennom, for at ein mot slutfasen på prosjekta også kan sikre at budsjetta vert overhaldne, slik at ein unngår denne typen overskridingar av prosjekta.

#### **2.1.6.6 Post 36 (Ny) E16 over Filefjell**

Det blir i proposisjonen foreslått å opprette ein ny post 36 E16 over Filefjell med ei løyving på 13 mill. kroner mot tilsvarande reduksjon på post 30 Riksveginvesteringar. Vidare blir det foreslått auka kostnadsramma for prosjektet E16 Øye–Eidsbru i Innlandet, der Statens vegvesen no har blitt einig med entreprenøren om slutt-kostnaden for prosjektet.

#### **2.1.6.7 Post 64 Utbetring på fylkesveggar for tømmertransport**

Komiteen viser til at det i 2022 er løyvd 20,5 mill. kroner, og at departementet i proposisjonen foreslår å redusere løyvinga med 10 mill. kroner mot ein tilsvarande auke på kap. 1320 post 22 Drift og vedlikehald av riksveg.

Medlemene i komiteen frå Høgre og Framstegspartiet merkar seg at det innanfor tilskotsordninga for tømmertransport er brukt mindre enn det som var avsett til formålet. Desse medlemene merkar seg at dette kjem av at prosjekta har blitt 50 prosent rimelegare enn føreset. Desse medlemene meiner det er bra at prosjekta held seg innanfor dei oppgitte budsjetttrammene, men meiner det er uheldig at så grove budsjetteringsfeil er gjort. Dersom desse feilbudsjetteringane hadde blitt oppdaga tidlegare, kunne fleire prosjekt funne plass i prosjektporteføljen i 2022.

Det er lange restanselister for oppgradering av tømmerveggar. Desse medlemene meiner difor at ein bør gjere ei evaluering basert på kunnskap om budsjetteringa for tømmerveggar som vart gjort i 2022, og oppdatere kalkylegrunnlaget for dette arbeidet.

### **2.1.7 KAP. 4320 STATENS VEGVESEN**

#### **2.1.7.1 Post 1 Salsinntekter m.m.**

I 2022 er det budsjettert med 167,3 mill. kroner i salsinntekter. På grunn av auka sal av tenester til fylkeskommunar og eksterne aktørar foreslår departementet å auke budsjetterte inntekter med 30 mill. kroner.

#### **2.1.7.2 Post 2 Ymse gebyr**

I 2022 er det budsjettert med 484,8 mill. kroner i gebyrinntekter på trafikant- og køyretøyområdet. Departementet foreslår å redusere budsjetterte inntekter med 15 mill. kroner, då reduksjon av tenestegebyr til kostnadsriktig nivå har gitt lågare gebyrinntekter.

#### **2.1.7.3 Post 3 Refusjonar frå forsikringsselskap**

I 2022 er det budsjettert med 122,1 mill. kroner i refusjonar. Det blir i proposisjonen foreslått å redusere budsjetterte inntekter med 12 mill. kroner, då omfanget av skadar er lågare enn forventa.

### **2.1.8 KAP. 4322 SVINESUNDSFORBINDELSEN AS**

#### **2.1.8.1 Post 91 Aksjekapital**

I 2022 er det løyvd 135 000 kroner. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 135 000 kroner då betalingar som gjeld aksjekapital etter staten sin konto-plan skal først på post 96.

#### **2.1.8.2 Post 96 (Ny) Tilbakebetaling aksjekapital**

Jamfør omtale under post 91.

### **2.1.9 KAP. 1330 SÆRSKILDE TRANSPORTILTAK**

#### **2.1.9.1 Post 71 Tilskot til kommersielle buss- og båttruter som følge av smitteverntiltak**

I 2022 er det løyvd 25 mill. kroner. Det er utbetalt til saman 18,9 mill. kroner, og departementet foreslår derfor i proposisjonen å redusere løyvinga med 5 mill. kroner.

### **2.1.10 KAP. 1332 TRANSPORT I BYOMRÅDE MV.**

#### **2.1.10.1 Post 66 Tilskot til byområde**

Komiteen viser til at det i 2022 er løyvd 3 024,1 mill. kroner, og at departementet foreslår å redusere

løyvinga med 510 mill. kroner, då nivået på ubrukte midlar i fylkeskommunane fortsatt ligg på eit høgt nivå.

Medlemene i komiteen frå Høgre merkar seg dei akkumulerte ubrukte midlane i fylkeskommunane. Desse medlemene meiner det er synd at desse løyvingane ikkje kjem innbyggjarane i byane til gode gjennom til dømes tiltak for betre kollektivtilbod. Årsakene er samansette, men i fleire tilfelle har det stoppa opp på grunn av manglande lokal semje.

### **2.1.11 KAP. 1352 JERNBANEDIREKTORATET**

#### **2.1.11.1 Post 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar**

I 2022 er det løyvd 125,6 mill. kroner. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 20 mill. kroner, då behovet for midlar i 2022 er redusert.

#### **2.1.11.2 Post 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald**

I 2022 er det løyvd 7 593,3 mill. kroner. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 273,5 mill. kroner.

### **2.1.12 KAP. 1356 BANE NOR SF**

#### **2.1.12.1 Post 95 (Ny) Kapitalinnskot**

Det blir i proposisjonen foreslått å løyve 7,2 mill. kroner som følgje av overføring av bergings- og beredskapsmateriell frå Vygruppen AS til Bane NOR SF.

### **2.1.13 KAP. 4353 VYGRUPPEN AS**

#### **2.1.13.1 Post 96 (Ny) Tilbakebetaling aksjekapital**

Jamfør omtale under post 95.

### **2.1.14 KAP. 4370 POSTTENESTER**

#### **2.1.14.1 Post 70 (Ny) Tilbakebetaling post- og banktenester**

Det blir i proposisjonen foreslått å løyve 24,3 mill. kroner på grunn av tilbakebetaling frå Posten på kjøp av post- og banktenester.

## **2.2 Kap. under Kommunal- og distriktsdepartementet**

### **2.2.1 KAP. 541 IT- OG EKOMPOLITIKK**

#### **2.2.1.1 Post 22 Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, kan overførast, kan nyttast under post 61 og 70**

Løyvinga gjeld medlemskontingent – DigitalNorway – Toppindustrisenteret AS. Ved ein feil blei løyvinga

i Prop. 115 S (2021–2022) sett til 2 mill. kroner. Det blir i proposisjonen foreslått å auke beløpet til 3 mill. kroner.

#### **2.2.1.2 Post 61 Førebygging og handtering av digitale hendingar, kan overførast, kan nyttast under post 22**

Det blir i proposisjonen foreslått å føye til stikkordet «*kan overførast*» på posten, jf. romartalsvedtak.

#### **2.2.1.3 Post 70 Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, kan nyttast under post 22**

Løyvinga blir i proposisjonen foreslått auka med 1,6 mill. kroner på grunn av endringar i kontingentar og tilskott innanfor posten.

### **2.2.2 KAP. 542 INTERNASJONALT SAMARBEID**

#### **2.2.2.1 Post 1 Driftsutgifter**

Løyvinga blir foreslått redusert med 3,1 mill. kroner på grunn av at stillingar som nasjonal ekspert ikkje har vore nytta.

#### **2.2.2.2 Post 70 Internasjonale program, kan overførast**

Løyvinga blir i proposisjonen foreslått redusert med 20,6 mill. kroner då kontingenten for dei aktuelle programma blir lågare enn berekna.

### **2.2.3 KAP. 543 NASJONAL KOMMUNIKASJONSMYNDIGHET**

#### **2.2.3.1 Post 45 Større utstyrs kjøp og vedlikehald, kan overførast**

Det blir i proposisjonen foreslått å auke løyvinga med 8 mill. kroner til innkjøp av ekeinfrastruktur på norsk sokkel for å auke sikkerheita og beredskapen.

#### **2.2.3.2 Post 70 Telesikkerheit og -beredskap, kan overførast**

Det blir foreslått å auke løyvinga med 52 mill. kroner til mobilbasert befolkningsvarsling, auka sikkerheit og beredskap knytt til ekeinfrastrukturen på norsk sokkel og prioritetsabonnement for telefoni.

#### **2.2.3.3 Post 71 Funksjonell internettildgang til alle, kan overførast**

Det blir i proposisjonen orientert om status i ordninga med etablering av funksjonell internettildgang til alle.

## 2.3 Kap. under Nærings- og fiskeridepartementet

### 2.3.1 KAP. 970 KYSTVERKET

#### 2.3.1.1 Post 30 Nyanlegg og større vedlikehald, kan overførast

For å vareta det statlige ansvaret for fiskerihamnene er det i 2022 behov for ei omfordeling av midlane som

har vore løyvde til fiskerihamner på post 60. Det blir derfor i Prop. 26 S (2022–2023) gjort framlegg om å om-disponere 35,2 mill. kroner. frå post 60 til post 30.

#### 2.3.1.2 Post 60 Tilskot til fiskerihamneanlegg, kan overførast

Jamfør omtale av post 30.

## 3. Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen vert fremja av ein samla komité.

Komiteen viser til proposisjonane og til det som står ovanfor, og rår Stortinget til å gjere følgjande

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2022 blir det gjort følgjande endringar:

| Kap.     | Post Formål                                                                                                                                                                   | Kroner      |
|----------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|
| Utgifter |                                                                                                                                                                               |             |
| 541      | IT- og ekompolitikk:                                                                                                                                                          |             |
| 22       | Utvikling, gjennomføring og samordning av IT- og ekompolitikken, kan overførast, kan nyttast under post 61 og 70, blir redusert med ..... frå kr 62 007 000 til kr 61 218 000 | 789 000     |
| 70       | Forvaltningsutvikling, IT- og ekompolitikk, kan nyttast under post 22, blir auka med..... frå kr 38 656 000 til kr 40 247 000                                                 | 1 591 000   |
| 542      | Internasjonalt samarbeid:                                                                                                                                                     |             |
| 1        | Driftsutgifter, blir redusert med ..... frå kr 4 851 000 til kr 1 731 000                                                                                                     | 3 120 000   |
| 70       | Internasjonale program, kan overførast, blir redusert med ..... frå kr 238 178 000 til kr 217 618 000                                                                         | 20 560 000  |
| 543      | Nasjonal kommunikasjonsmyndighet:                                                                                                                                             |             |
| 45       | Større utstyrskjøp og vedlikehald, kan overførast, blir auka med ..... frå kr 15 301 000 til kr 23 301 000                                                                    | 8 000 000   |
| 70       | Telesikkerheit og -beredskap, kan overførast, blir auka med ..... frå kr 208 510 000 til kr 260 510 000                                                                       | 52 000 000  |
| 970      | Kystverket                                                                                                                                                                    |             |
| 30       | Nyanlegg og større vedlikehald, kan overførast, blir auka med ..... frå kr 596 000 000 til kr 631 200 000                                                                     | 35 200 000  |
| 60       | Tilskot til fiskerihamneanlegg, kan overførast, blir redusert med ..... frå kr 35 200 000 til kr 0                                                                            | 35 200 000  |
| 1300     | Samferdselsdepartementet:                                                                                                                                                     |             |
| 72       | Tilskot til samferdselsberedskap, blir redusert med ..... frå kr 3 000 000 til kr 750 000                                                                                     | 2 250 000   |
| 1310     | Flytransport:                                                                                                                                                                 |             |
| 70       | Kjøp av innanlandske flyruter, kan overførast, blir redusert med ..... frå kr 938 500 000 til kr 818 200 000                                                                  | 120 300 000 |
| 1320     | Statens vegvesen:                                                                                                                                                             |             |
| 22       | Drift og vedlikehald av riksvegar, kan overførast, kan nyttast under post 29 og post 30, blir auka med .....                                                                  | 180 000 000 |

| Kap.      | Post Formål                                                                                 | Kroner      |
|-----------|---------------------------------------------------------------------------------------------|-------------|
|           | frå kr 8 271 000 000 til kr 8 451 000 000                                                   |             |
|           | 28 Trafikant- og køyretøytilsyn, <i>kan overføres</i> , blir redusert med .....             | 30 000 000  |
|           | frå kr 2 222 800 000 til kr 2 192 800 000                                                   |             |
|           | 29 OPS-prosjekt, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 30</i> , blir             |             |
|           | a u k a med .....                                                                           | 19 000 000  |
|           | frå kr 1 828 400 000 til kr 1 847 400 000                                                   |             |
|           | 30 Riksveginvesteringar, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under post 22 post 29 og</i> |             |
|           | <i>post 36 og kap. 1332 post 66</i> , blir redusert med .....                               | 169 000 000 |
|           | frå kr 12 602 000 000 til kr 12 433 000 000                                                 |             |
|           | 36 (NY) E16 over Filefjell, <i>kan overføres</i> , blir løyvd med.....                      | 13 000 000  |
|           | 64 Utbetring på fylkesvegar for tømmertransport, <i>kan overføres</i> , blir                |             |
|           | re d u s e r t med .....                                                                    | 10 000 000  |
|           | frå kr 20 500 000 til kr 10 500 000                                                         |             |
| 1330      | Særskilde transporttiltak:                                                                  |             |
|           | 71 Tilskot til kommersielle buss- og båtruter som følge av smitteverntiltak,                |             |
|           | <i>kan overføres</i> , blir redusert med.....                                               | 5 000 000   |
|           | frå kr 25 000 000 til kr 20 000 000                                                         |             |
| 1332      | Transport i byområde mv.:                                                                   |             |
|           | 66 Tilskot til byområde, <i>kan overføres</i> , blir redusert med.....                      | 510 000 000 |
|           | frå kr 3 024 100 000 til kr 2 514 100 000                                                   |             |
| 1352      | Jernbanedirektoratet:                                                                       |             |
|           | 21 Spesielle driftsutgifter – utgreiingar, <i>kan overføres</i> ,                           |             |
|           | blir redusert med .....                                                                     | 20 000 000  |
|           | frå kr 125 600 000 til kr 105 600 000                                                       |             |
|           | 71 Kjøp av infrastrukturtenester – drift og vedlikehald, <i>kan nyttast under</i>           |             |
|           | <i>post 70</i> , blir redusert med .....                                                    | 273 549 000 |
|           | frå kr 7 593 300 000 til kr 7 319 751 000                                                   |             |
| 1356      | Bane NOR SF:                                                                                |             |
|           | 95 (NY) Kapitalinnskott, blir løyvd med.....                                                | 7 200 000   |
| Inntekter |                                                                                             |             |
| 4300      | Samferdselsdepartementet:                                                                   |             |
|           | 1 Refusjon frå Utanriksdepartementet, blir auka med.....                                    | 187 000     |
|           | frå kr 500 000 til kr 687 000                                                               |             |
| 4313      | Luftfartstilsynet:                                                                          |             |
|           | 1 Gebyrinntekter, blir redusert med.....                                                    | 21 600 000  |
|           | frå kr 162 700 000 til kr 141 100 000                                                       |             |
| 4320      | Statens vegvesen:                                                                           |             |
|           | 1 Salsinntekter m.m., blir auka med.....                                                    | 30 000 000  |
|           | frå kr 167 300 000 til kr 197 300 000                                                       |             |
|           | 2 Ymse gebyr, blir redusert med .....                                                       | 15 000 000  |
|           | frå kr 484 800 000 til kr 469 800 000                                                       |             |
|           | 3 Refusjonar frå forsikringsselskap, blir redusert med.....                                 | 12 000 000  |
|           | frå kr 122 100 000 til kr 110 100 000                                                       |             |
| 4322      | Svinesundsforbindelsen AS:                                                                  |             |
|           | 91 Aksjekapital, blir redusert med.....                                                     | 135 000     |
|           | frå kr 135 000 til kr 0                                                                     |             |
|           | 96 (NY) Tilbakebetaling aksjekapital, blir løyvd med .....                                  | 135 000     |
| 4353      | Vygruppen AS:                                                                               |             |
|           | 96 (NY)Tilbakebetaling aksjekapital, blir løyvd med.....                                    | 7 200 000   |
| 4370      | Posttenester:                                                                               |             |
|           | 70 (NY) Tilbakebetaling post- og banktenester, blir løyvd med .....                         | 24 300 000  |

## II

*Fullmakt til å overskride gitte løyvingar*

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2022 kan overskride løyvinga under kap.

1320 Statens vegvesen, post 30 Riksveginvesteringar, med inntil 400 mill. kroner for å dekkje utgifter ved ev. rettskraftig dom i 2022 om erstatning for prosjektet E39 Eiganestunnelen.

## III

*Fullmakter til å forplikte staten for investeringsprosjekt*

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2022 kan:

| gjennomføre dei tidlegare godkjende investeringsprosjekta: | innanfor ei endra kostnadsramme på: |
|------------------------------------------------------------|-------------------------------------|
| E39 Kristianborg–Bergen sentrum                            | 1 275 mill. kroner                  |
| E39 Sveгатjørn–Rådal                                       | 10 502 mill. kroner                 |
| E16 Øye–Eidsbru                                            | 945 mill. kroner                    |

Fullmaktene gjeld òg forpliktingar som blir inngåtte i seinare budsjettår, innanfor kostnadsramma for prosjektet. Samferdselsdepartementet blir gitt fullmakt til å prisjustere kostnadsrammene i seinare år.

## IV

*Tilføyning av stikkord*

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet i 2022 kan føye til stikkordet «*kan overførast*» på kap. 1301 Forsking og utvikling mv., post 70 Pilotprosjekt for fossilfrie anleggsplassar.

## V

*Fullmakt til å selje fast eigedom*

Stortinget samtykkjer i at Samferdselsdepartementet kan selje fast eigedom i samband med prosjektet E16 Sandvika–Wøyen inntil ein verdi på 650 mill. kroner i kvart einskild tilfelle.

## VI

*Stikkordsfullmakt*

Stortinget samtykkjer i at Kommunal- og distriktsdepartementet kan tilføye stikkordet «*kan overførast*» til løyvinga i 2022 under kap. 541 IT- og ekompolitikk, post 61 Førebygging og handtering av digitale hendingar.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 13. desember 2022

**Erling Sande**

leiar og ordførar

